

Årsmelding



IL JOTUN FOTBALL 2022





Innhald

1. Styret.....	3
2. Utval / Roller.....	3
2.1. Sportsleg utval.....	3
2.2. Norway Cup	3
2.3. Faaberg-turneringa	3
2.4. Fair Play ansvarleg	4
3. Møte/ viktige saker	4
4. Seriespel.....	5
4.1. 2022.....	5
4.2. Resultat i seriespelet.....	6
4.3. Utvikling tal lag 2012 - 2022	6
5. Turneringar	7
5.1. KM innandørs.....	7
5.2. Kongleriket miniputt	7
6. Økonomi	7
6.1. Fordeling inntekter	8
6.2. Fordeling kostnadar.....	9
7. Utdanning (2012 – 2022).....	9
7.1. Status 2012-2022.....	9
8. Kvalitetsklubb.....	11
9. Representasjon	11
9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane	11
10. Oppgaver i fokus.....	12
10.1. Utvikling.....	12
10.2. Årshjul	13
10.3. Aktivitet/tilbod.....	13
10.4. Organisasjon	28
10.5. Anlegg	28
11. Avslutning.....	29



1. Styret

Styret har i 2022 vore samansett slik:

Leiar:	Henrik Rønningen	2022-2023
Nestleiar:	Ruth Laberg	2022-2023
Fair-Play ansvarleg:	Ivar Otto Øren	2022-2023
Lagskontakt,barnefotball:	Rune Bolstad	2021-2022
Lagskontakt ungdom:	Merete Øren	2021-2022
Styremedlem:	Marianne Hestetun	2021-2022
Styremedlem:	Stine Sørli	2021-2022
Ungdomskontakt :	Tobias Furebotn	2021-2022
Valkomite :	Stig Laberg Øvstetun, Mette Kleiva og Preben Strypet	

2. Utval / Roller

2.1. Sportsleg utval

Frank Eldegard, Monica Høl Øvstetun, Ørjan Loftheim, Veronica J. Hellebø, Stig L. Øvstetun, Bjørn Inge Morland, Tom Hellebø
Henrik Rønningen og Ruth Laberg har delteke frå styret.

2.2. Norway Cup

Norway cup i 2022. Utval her består av oppmenn-/kvinner til laga som reiser. I tillegg deltek ansvarleg styrerep for turneringar i denne gruppa. (Marianne Hestetun) Ruth Laberg har og delteke for styret.

2.3. Faaberg-turneringa

Fåberg turnering i 2022. Ansvarleg turneringar styret i tillegg til oppmenn for laga som reiser. Marianne Hestetun ansvarleg frå styret. I tillegg har Stine Sørli delteke.

2.4. Fair Play ansvarleg

Ivar Otto Øren (leiar og Svein Øygarden. I 2020 bestemte styret at me skulle ha eit auka fokus på Fairplay. Ynskje var at me skulle dele ut fairplay pris i eigen klubb kvar mnd. Det er kun utdelt ein fairplay pris for 2022. Denne gjekk til Abbas , i form av tydeleg og engasjert dommarveiledning i ein barnefotballkamp. Me oppmodar alle til å bli flittigare å nominere. Me ynskjer å vise alle dei gode positive hendingane som skjer i Jotun mellom born, mellom born og vaksne og vaksne som gjer noko fint for laget i god Fair Play ånd.



2.5. Målrock

Målrock er eit arrangement der alle grupper i Jotun syter for dugnadshjelp. Dette er eit stort arrangement som både bygda og idrettslaga er tente med. Jotun fotball har mange i sving under dugnaden som startar med rigging torsdag før Målrockhelga. Tusen takk til alle som stiller opp, eller som stiller folk for seg om dei ikkje kan møte sjølve. De er utruleg viktige for Jotun.

3. Møte/ viktige saker

Styret har hatt 7 styremøter denne sesongen.

Viktige saker:

- Arbeid rundt Kvalitetsklubb
- Fair Play arbeid



-
- Turneringar
 - Bassengkiosk
 - Jenter på feltet
 - **Grøne arrangement ***
 - IK og HMS arbeid i klubben
 - Organisasjonsarbeid, fordeling av oppgåver i styret.
 - Avslutningsfest for ungdomane
 - Cupar
 - 100 -års bok, med fotballsamling på Samhold.

Sportsleg utval:

- Klubbsamarbeidsmodellen med ÅFK
- Auka samarbeid med ÅTIL
- Trenarkartlegging

‘*Grøne arrangement: Eit prosjekt saman med Sparebankstiftinga i Sogn og fjordane, Nff Sogn og Fjordane og pilotklubbane Flørø og Jotun. Prosjektet går ut på at ein skal inspirere klubbar og idrettslag til å ta gode miljøval på sine arrangement. Nettside for prosjektet vil vera på plass i februar 2023.

4. Seriespel

4.1. 2022

Påmelde lag 2022: 44 lag
Tal aktive 2022: 280

Fotballgruppa har hatt god aktivitet trass litt fråfall etter koronaen.




4.2. Resultat i seriespelet

- 4 div kvinner vart nr 4 i serien, trekte laget før haustsesongen
- J17 – hadde ikkje lag i J 17
- J15 6 plass
- G/17 11ar 1. divisjon vart nr 2
- G 15 – 11ar 1.div nr 6
- G15 – 11ar 2-div vart nr 6
- J 13 – avdelingsvinnar. To poeng bak Syril. Syril hadde spelar på disp, og siger gjekk difor til Jotun jentene

4.3. Utvikling tal lag 2012 - 2022

IL Jotun fotball har hatt eit stabilt tal lag dei siste åra. I 2021 var det ein nedgang i tal lag, noko me trur har med pandemien å gjera. Medan i 2022 auka talet formidabelt til 44 lag. I desse tala ligg også barnefotballen med 3x3 lag som er med på å auke antallet lag.





5. Turneringar

5.1. KM innandørs

KM innandørs vart tradisjon tru arrangert i trivselhagen på Sandane. Det var ingen KM kvallik dette året, pga korona så laga melde seg på direkte til KM sluttspel. Jotun deltok med desse laga:

J19-

J16

J15

J14

J13 – 2. plass

G19 - kretsmeistrar

G15

G14

5.2. Kongleriket miniputt

Det har vorte arrangert 4 Kongleriket turneringar i 2022.

Lærdal, Aurland, Hafslo og Kaupanger. **Kongleriket Miniputt** er serietilbodet for barn i alderen 6-9 år og blir i NFF Sogn og Fjordane organisert i turneringsform.

Turneringa er sponsa av Sparebanken Sogn og Fjordane. Sogn og Fjordane fotball krets er den einaste kretsen i landet som arrangerer barnefotballen i turneringsform. Noko som har vist seg å vera veldig godt motteke. Og andre kretsar i landet ser opp til dette arbeidet som foregår her i Sogn og Fjordane. Jotun søkte ikkje på arrangement i 2022. Me fekk tildelt arrangement gjennom Kiwi Bama cup, men pga låg påmelding fekk me likevel ikkje arrangere.

6. Økonomi

Fotballgruppa si økonomiske målsetnad er å driva med mest mogleg aktivitet for barn og ungdom, ut frå dei økonomiske føresetnadane vi har:

I 2022 har fotballgruppa ein omsetnad på kr 1.425.849 ,- (mot kr 1.143.180,- i 2021).

Årets resultat viser eit underskot på kr **468.779,-** (mot eit overskot på kr 134.559 ,- i 2021).

Fotballgruppa endar opp med eit høgt underskot i år. Under skal me forklare kvifor. Etter 3 år med betydeleg overskot, der noko skuldast at me har hatt inntekter på lotteri til Norway cup og Fåbergcup . Desse pengane vart ikkje brukt dei åra dei var inntektsført



pga ingen arrangerte turneringar. (pandemi) Difor tilsvarande høge overskot i 2019,2020 og 2021.

I 2022 fekk me endeleg reise på turneringar att. Da vart tidlegare års inntektsførte lotteripengar brukt til å dekke påmeldingsavgift blant anna til Norwaycup. Dette beløpet ligg på ca 110.000.

Etter oppstart av full serie, måtte me gjera innkjøp av nye ballar. Dessverre har me alt for liten lagerplass til utstyr noko som gjer at det forsvinn mykje utstyr for oss. Utstyr drakter, ballar utgjer ca 200.000

Baneleigen kom innatt som ein større kostnad. Kr 145.000

Det er ei stor lukke at hovedsponsorane har vore med oss gjennom heile pandemien.

Dette har hjulpet oss å avsette pengar til kostnadene me viste ville koma i oppstartsåret att.

Fotballgruppa er gjeldfri.

6.1. Fordeling inntekter

Driftsinntekter enda på kr 1.425.849 ,- (1.143.180,-)

Kiosksalg:

Her held foreldre og ungar open bassengkiosk.

Inntektene er ei viktig kjelde til å betale baneleige til kamp og trening.

Fotballgruppa kutta for mange år sidan eigenandel ved kamp. Inntekta frå kiosken er med å dekke dette i dag.

I 2022 hadde me ca 90.000 i overskot på kiosksalget gjennom sesongen. Men her er potensialet mykje større.

Me har lagt bak oss ein sommar med dårleg vèr, noko som påverkar kiosksalg i stor grad.

Dugnader:

Sal av billetter i bassenget, spondlotteri, kamplotteri, sal av fyrstehjelpsputer og Målrock har vore dei største dugnadene i år.

Sponsorinntekter :

Ein vesentleg del av inntektene til fotballen. Fordeling av hovedsponsorinntekter, LAM, treningsavgift og mva kompensasjon. I tillegg vert vi kvart år tildelt midlar frå Årdal Kjemiske fagforening.

Futsal arrangement:

IL Jotun arrangerte ikkje futsal arrangement i 2022.



6.2. Fordeling kostnader

Andre driftskostnader var på kr 1.478.519,- (835.501,-)

Turneringar:

Jotun har kvart år delteke på Norwaycup, Fåbergturneringa og Eat Move Sleep.

7. Utdanning (2012 – 2022)

7.1. Status 2012-2022

- 90 trenarar er ferdige med UEFA C (Trenar 1)
- 28 på rekruttdommarkurs i 2021
- 5 på rekrutteringsdommarkurs
- 3 trenarar fullført UEFA-B i 2015/2022
- 1 trenar deltok på SFFK draumetrenaren
- 2 på leiar 4 i forbundet (25 utdanna kvart år, høgast leiarutdanninga i NFF)
- 2 utdanna trenarrettleiarar
- 1 på leiar 2
- 10 på leiar 1
- 8 på leiar 3
- 2 på UEFA B keeper trenar (2021)

Me ser at det er ei utfordring å halda på trenarane når eigne ungar går ut av ungdomsfotballen, noko som vert ei viktig oppgåve å jobba med i åra som kjem.

Alle årsklassane både for jenter og gutar har utdanna grasrot hovedtrenarar.

Trenarattesten:

Nytt frå 01.01.2022 er at Norges idrettsforbund har bestemt at alle som driv trening for barn i alle sær idrettar skal utføre det digitale kurset som er kalla trenarattesten.

Fleire av trenarane i IL Jotun fotball har teke dette, men det står framleis att nokon som ikkje har gjennomført. Dette vert eit stort fokusområde fram til alle har vore gjennom det

Dommarar:

Jotun har gjennom åra vore veldig flinke å arrangere dommarkurs. Etter eit par år utan dommarkontakt tok Davy van Menxel over som dommarkoordinator på seinhausten i 2021. Han har gjort eit fantastisk arbeid med rekruttering og oppfølging av dommarar. Under miljøhelga til Sogn og Fjordane fotballkrets i november fekk Davy og Jotun utdelt pris for det gode dommararbeidet som vert gjort i klubben. Dette har resultert at vi no har 5 kretsdommarar og 23 andre dommarar som er med og dømmer lokalt.



8. Kvalitetsklubb

IL Jotun vart i 2015 sertifisert som kvalitetsklubb. Me vart resertifisert i 2017, det vil sei at vi er evaluert av NFF Sogn og Fjordane. Sertifiseringa er stadfesting på at ein har oppfylt krava til NFF innanfor områda aktivitet, organisasjon, kompetanse og samfunn-verdiarbeid.

I april 2021 gjekk me gjennom og fekk godkjent ny resertifisering som kvalitetsklubb etter nye kriteriar.




9. Representasjon

9.1. Møter/verv i NFF Sogn og Fjordane

- Styret deltok på kvalitetsklubbsamlingar digitalt med kretsen.
- Henrik Rønningen er leiar i seriekomiteen i fotballkrisen.
- Henrik Rønningen er kvalitetsklubbrettleiar i Sogn og Fjordane.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrisen.
- Henrik Rønningen og Ruth Laberg deltok på kvalitetsklubbsamling i Santa Sussanna Barcelona.
- 8 personar frå Jotun fotball deltok på Miljøhelg i fotballkretsen i november 2022.

- Ruth Laberg har -/er medlem i prosjektgruppa for Grøne Arrangement i fotballkretsen.
- Arne Håkon Laberg er vara til valkomiteen i Sogn og Fjordane Fotballkrets.
- Henrik Rønningen sit i redaksjonskomiteen i NFF Sogn og Fjordane
- Ruth Laberg deltok og held foredrag på Norges symjeforbund sin konferanse i august.



10. Oppgaver i fokus

10.1. Utvikling

Ytterlegare utdanningsfokus og vidareutvikling av sportsleg utval vil være eit kontinuerleg arbeid kvart einaste år. Utdanne leiarar og tillitsvalde vil og bli eit satsingsområde i åra som kjem. Det er meldt til kretsen om ynskje om å ha alle 4 delkurs i eigen klubb.

Fairplay vil bli fokusert veldig mykje på i komande periode. Me opplever mykje positivt men dessverre også ein del negativt. Laga vil koma til å merke at Fairplay vert noko av dei viktigaste oppgåvene me jobbar med framover.

Halde fram arbeidet med «Rein Klubb» i tråd med retningslinene til hovudlaget.

Fotballgruppa skal også delta i prosjekt med hovudlaget, Trygg på trening. I tillegg til dette har Jotun fotball hatt HLR med alle laga i Jotun. Me var så heldige å få tildelt hjartestartar frå Enivest. Med den fulgte fullt opplæringsutstyr. Stine Sørli har vore kontaktperson og har hatt med seg Merete Øren, Mette Kleiva, Marianne Hestetun og Kristine Kauppi. Desse jentene gjorde ein kjempejobb. Og denne jobben vert viktig framover, etter kvart nye kull kjem opp i målgruppa.



10.2. Årshjul

Årshjul kom på plass i prosessen rundt resertifisering av kvalitetsklubb. Me tek utgangspunkt i kretsen sitt og legg inn lokale viktige datoar frå vårt idrettslag.

10.3. Aktivitet/tilbod

Me ynskjer å utvida treningstilbodet og delta i fleire turneringar. Det skal være kjekt å vere med i Jotun fotball, både for born og foreldre, aktive og støtteapparatet.

Trivselstiltak vil bli ein prioritet. Me ynskjer fleire flater å trenast på. I vintersesongen er kunstgrasbana sprengt. Da grasbana ikkje er i bruk før tidlegast mai månad. Fotballen i Jotun har begrensa tilgang til Årdalshallen der ein kan trenast futsal. Men har fått booke timar i helgane når det ikkje er andre arrangement i hallen. I tillegg har me fått to seine halltimar midt i veka i tillegg til fredag da dei fleste andre ikkje ynskjer treningstid.

Born frå 1-4 klasse har allidrett i Årdalshallen. I tillegg har dei som ynskjer ei fotballøkt i gymsalen på skulen. Dette har vist seg å vera veldig populært.

Me ser difor me stor uro på dei planane og førebelse teikningar som er kome over nye Farnes Skule. Dei nye teikningane viser at dei kuttar gymsalen på Farnes skule. Dette vil

påverka fotballaktiviteten me har om ettermiddagane.

Rekrutteringssamling for jenter:

Etter pandemien har me opplevd stort fråfall på jentesida. I november tok Jotun fotball i lag med trenarar initiativ til å invitere alle jenter til samling i klubbhuset. Også dei som har slutta med fotball. Me ville få jentene i tale og høyre kva dei tenker om treningar, kampar framover.

Det var ei svært vellukka samling der Hanne Hestetun hadde laga eit opplegg med spørsmål som gav grunnlag for gruppearbeid og diskusjon i plenum. Det var veldig kjekt at Kristin Øvstetun deltok frå kretsen.

Hjartesukk: Me opplever fleire og fleire som melder seg på aktivitetar før lagspåmelding, men kjem dessverre ikkje på trening. Laga kjem i knipe dersom dei som har meldt seg på ikkje stiller opp på trening og kamp.

I alle idrettar er det viktig å fullføre når ein melder seg på. Ein set trenarar, klubben og medspelarar i ein vanskeleg situasjon om signala ein gir til klubb ikkje samsvarar med det ein utøver.

Me håpar at føresette snakkar med ungdomane sine om dette.



Sesongavslutning ungdomsfotball:



Tradisjon tru hadde me også i år avslutning for ungdomsfotballen på Bakeriet. Styret stilte opp og førebudde taco. Heidi Svori stilte opp som fotballmamma og hjelpte til under arrangementet. I tillegg stilte nokre av guttespelarane opp og rigga borda dagen før. Takk til Isak Hove, Tobias Furebotn og Sigve Midtun for god hjelp!

Spesielt kjekt var det at «proffane våre» Sivert Mannsverk, Leander Øy og Eirik Lereng tok turen innom og fortalde om utviklinga si.

Dei har no teke steget frå å ha fotballen som fritidsaktivitet til å ha den som jobb.

Kjekt var det å høyra dei mimra tilbake om kosen med å reisa på cup og seriekampar med kompisane sine.

Venskapet frå barne og ungdomsfotballen vil alltid vera der og cupar og turar som ein hadde på den tida vil ikkje bli gløymt.

Blir kjekt å fylja desse gutane vidare på fotballreisa deira. Jotun fotball ynskjer dei hell og lykke !!

Ei helsing frå Guttelaget: 15/17

Guttelaget til Jotun har hatt en spillergruppe bestående av inntil 17 registrerte spillere. Generelt sett har det vært godt oppmøte på treningene gjennom sesongen. Noen av guttespillerne har i løpet av sesongen vært på hospitering hos Årdal FK, samtidig som det har vært hospitanter fra småguttelaget i guttelaget sine treninger. Ved sesongstart var det påmeldt et 11'r lag.

I vårsesongen ble det spilt en grunnserie med 8 kamper. Guttelaget vant sin avdeling med 5 seire 1 uavgjort og to tap. Målforskjellen ble 46 -23. I høstsesongen spilte guttelaget i 1. divisjon med en serie på 10 kamper. Laget var lenge med i kampen om kretsmesterskapet, men endte opp med en fin andre plass. Det endte opp med 6 seire 2 uavgjort og 2 tap, og med en målforskjell på 38 – 23.

Før sesongen inngikk Jotun og Årdal FK en samarbeidsavtale som gjorde det mulig for guttespillere å spille kamper for ÅFK sine lag. Denne avtalen har gitt guttespilleren et godt kamptilbud i sesongen med mye spilletid. Guttespillerne har i hovedsak fått spille både for 2. og 3. laget, og et par spillere fikk også sin debut på førstelaget. Det skal nevnes at flere av guttespilleren var viktige bidragsytere da ÅFK2 rykket opp til 5. divisjon høsten 2022.

Guttelaget deltok i årets Norway cup med to lag, et 11'r lag i klasse G17 og et 7'r lag i klasse G15/16. Til turneringen hadde man med en spillertropp totalt på 22 spillere, som i tillegg til Jotun spillere også bestod av de yngste Åfk spillerene. Begge lagene viste gode prestasjoner og kvalifiserte seg til A-sluttspillet i sine årsklasser. Videre nådde begge lag til 1/8 dels finalen før det ble exit. G17 laget tapte sin kamp med minst mulig margin etter «golden goal» i ekstraomgangene. For ordens skyld skal det nevnes at Jotun sine guttelag tapte for de to lagene som senere vant turneringen i sine klasser.



Ei helsing frå G-15:



Jotun G15 sesong 2022

Jotun stilte 2 lag i serien denne sesongen. 11ar lag og 9ar lag. Treningar: Davy V Menxel, Ove Reidar Grytbakk og Edvin Hestetun, Oppmenn: Steinar Årebru og Svein Eirik Nes

Tropp bestående av gutar fødd 2007 og 2008: Mathias V Menxel, Kristoffer Skjær, Amy Lingjerde, Matias Moen Valsvik, Aleksander Pedersen Øyre, David Nilssen, Edin Hagen Strand, Edvard Olsen Tjønn, Konrad Nesse Vigdal, Edvin Øvstetun, Eskil Nes, Herman Myklebust Valaker, Jo Blikken, Khaled Yasin, Kristoffer Tørnes, Lucas Andersen, Markus Rinde, Mats Årebru, Rahand P.M, Sindre Bjørkum, Thomas Jevnaker Grytbakk, William Saltnes, Ryan Banink, Augustas Juska.

Nicko Malgapu, Mattias Grønsberg, Noah Hove, Jonas Van Menxel og Sander Hop fekk og prøva seg opp fra 2009 kullet (ÅTIL). I tillegg hadde me og hjelp fra nokre jenter. Synnøve Øygarden stilte som keeper i fleire av Jotun 2 kampane. Kristine Låksrud og Marte Rudi var og med på nokre kampar for 11ar laget. Ellers var det ein del jenter på treningar i deler av sesongen.

Jotun 1(11ar) spelte på våren i 1 div Sogn og møtte Sogndal, Vå, Bjørn, Aurland og Førde.

Kneip så vidt 3dje plassen i serien og fortsatte dermed spel i 1.div på hausten. Her møtte dei



Førde, Florø, Måløy, Stryn og Sogndal. Vart ein tøff haustsesong med mange lange borteturar.

Jotun kom sist i serien, der Førde tok KM tittelen.

Jotun 2(9ar) spelte på våren i 2.div. Motstandarar var Syril, Sogndal, Balestrand, Hafslo. Kom sist i divisjonen, men hevda seg bedre i haustsesongen der det no vart spela 11ar.

Møtte her og tøffare motstand i Aurland, Vik, Syril, Bjørn, Balestrand, Sogndal 2 og Hafslo

Høgdepunktet for året var nok utan tvil NorwayCup etter eit par pandemiår utan sommarturnering. Her stilte Jotun med 2 lag. Eit 11ar og eit 7ar. Innlosjert på Nordstrand skule med kort veg til trikk som gjekk rett til Ekeberg. Gutane hadde her eit bra opphold. Kan og nevna tur på Peppes der Kleiven Sogn sponsa maten.

Reiseleiarane Svein Eirik, Edvin, Steinar og Ove Reidar var vel einige om at dette er gutar det ikkje er problem å reise på tur med.

11ar laget spelte i innleiande mot Lambertseter, Åsane og Sæbø. 1 seier og 2 tap resulterte i spel i B-sluttspillet. Surnadal og Hamna var sett på plass før til slutt eit skadeplaga lag gjekk tom for krefter og rauk ut i åttendelsfinalen mot Flaktveit. Nevner og her at Kristine Låksrud stilte sporty opp og gjorde til at me klarte å stilla med 11 til denne kampen.

7ar laget spelte i innleiande mot Ulvik, Spjelkavik og Bækkelagets SK. Reint bord med 3 seirar og vidare til A-sluttspillet.

Laget hadde walkover i 16delsfinale og møtte Rollon/Guard i 8dels finalen. Her vart det tap. Rollon/Guard gjekk heilt til finalen.

Men ein meget flott prestasjon av gutane.

Til slutt ein takk til buss-sjåførane Rune Blikken og Vibeke Rinde for at dei stiller opp både i seriekampar og i NorwayCup.

Håpar at me får eit gjensyn med NorwayCup til neste år og.



Ei helsing frå J-15:



Jente 15 har spelt i 11'ar serien i 2022. Ein gjeng med kjekke jenter. Laget har bestått av jenter frå 2008, 2007 kullet med disp av nokon jenter frå 2006.

Desse jentene vart råka hardt av koronaepedemien, og har gått glipp av både KM kvallikar og cupar. Endeleg fekk dei reise til Norwaycup, noko som var særskjelt.

I haustsesongen fekk me problem med å stille 11'ar da sesongen til handballen starta og både treningar og kampar kolliderte. Heldigvis fekk med hjelp av fantastisk kjekke jenter frå J13 som hjelpte til i kvar einaste kamp.

Me har med oss to kjekke jenter frå Lærdal som har bidrege godt i gruppa vår både sosialt og sportsleg.

Siste seriekampen i Førde var litt av ei oppleving. Jentene for av garde med buss. Fast sjåfør Magne Øvstetun køyrde bussen. Under kampen vart ein av jentene Hannah Olsen uheldig og braut armen. Det vart sjukehuset neste, og operasjon påfølgande dag. Det vart mykje venting og ei lang natt. Laget var ikkje heime i Årdal før kl 05.00 om morgonen. Men det viktigaste var at Hannah var i trygge hender på sjukehuset. Når slik skjer er det godt å ha gode folk rundt seg.

Ei helsing frå J-13:

Jenter 13 har også i år bestått av spelarar fra årgangane 2009 og 2010 og i år som i fjor har treningsiveren vore på topp – desse jentene skoftar ikkje trening med mindre dei har ein god grunn. Ivrige, humørfylte og lærevillige jenter som vart nummer to i serien bak eit Syrillag som óg bestod av jenter frå 2008-kullet.

Vart seriemeistrar i og med Syril brukte spelarar fra 2008. Men det er ikkje det viktigaste. Ivrige jenter som ALLTID møter på trening om ikkje dei har god grunn til å stå over. Trur dei har det veldig artig, lærevillige og "backar" kvarandre viss nokon har ein dårleg dag. Rett og slett ein fantastisk gjeng jenter!!)



Ei helsing frå G-2010:

Gutar 2010 har vore ei lita gruppe på 8-10 gutar med Ole Gunnar Hunderi som hovudtrenar.

Dette året har dei trena saman med 2011 kullet, det har vore ei stor og stabil treningsgruppe på ca 26 gutar, med Ole Gunnar, Stig, Amund og Christer som trenarar. Dei har trena søndagar og mandagar. Dei har hatt sitt fyrste år med 9`ar fotball og offside, på kampane har 2011 kullet bidrege med rullerande hospitering.

I august var dei på sin aller fyrste Fåberg cup og spelte 7`ar fotball, der vart det både seier og tap. Dette var ei utruleg kjekk helg saman med 2011 kullet i strålende vær. Gutane, reiseledarane og foreldre storkosa seg, det var fotballglede, fotballtårer, bading, grilling, kino og masse sosialt. Alle var einige om at Fåberg er ein fin cup.

På hausten fekk alle gutane innføring i førstehjelp, dette var veldig spennande å lærerikt, ekstra stas var at ambulanspersonell tok seg tid til å snakke med dei, og lære dei kor viktig det er å hjelpe.

Avslutta sesongen med ei kjekk kosetund i klubbhuset med pizza, browines og heiarop.



Ei helsing frå G-2011:

Pandemien er endeleg over og alt vart som før igjen. Endeleg!!

16 aktive og flinke gutar var med oss heile året. Stig, Amund og Christer som trenarar. To treningar i veka når ein er ute, og ein innetrening på vinteren. Me har i år trent i lag med 2010 kullet, ein del 2011 spelarar har og vore med dei på kamp.

Seriespel synest dei er kjekt. Det blir ein del turar, og ein del kroner blir brukt opp på både ferja og Mix'en i Sogndal.

I August gjekk turen til Fåberg på Lillehammer. Ei strålendes helg på alle måtar, soli skein fra me kom fredag og reiste søndag. Mange gode resultat, og vel mange svette og fornøyde spelarar reiste heim. Ei fin helg for alle foreldre som og var med, det var pizza fredagskveld og felles grilling laurdag.

Som alltid avsluttar me fotballsesongen med pizza, brus og kaker i klubbhuset. Trenarane får ein liten oppmerksomhet for all innsats og fritid dei brukar på spelarane.

No er det innetreningar som står for tur, og Futsal turnering i Årdalshallen i januar.

Takk for i år:)



Ei helsing frå G-2013:

Gutar f. 2013 er ein gjeng på 9 gutar som er svært ivrige på fotballbana både på treningar og på fritida. Konkurransinstinktet er på topp og innsatsen deira på trening er høg. Dei er svært lærevillige og utfordrar kvarandre med nye finter som ronaldo, messi eller mbape gjer på YouTube . I løpet av året ser me ein positiv utvikling både som enkeltspelarar og som lag. Gutane har i tillegg til 5ar fotball også delteke på lerumcup innandørs noko dei syns var kjekt. No i vinter har dei trena inne i gymsalen, men no gler dei seg til å kunne starte med ute treningar igjen og ny sesong.



Ei helsing frå J-2013:

Jenter 2013 har hatt ein sesong der dei hadde sine siste knøtteturneringar og sin første sesong med seriespel. Jentene har fullført med glans. Dette er ein flott gjeng med god treningsmoral, dei tek stadig nye steg mot å bli betre som lag og medspelarar. Me gledar oss til ein ny sesong i 2023 med desse flotte jentene.

Oppkvinne, Malin Solvik Sylvarnes.



Hei helsing frå G-2012:

Få turneringar, kiwi bama i Sogndal og futsal i Årdal. Tur til skarpenor i finværet.

Vore 16 ungar på trening, kjerna på ca 12 stk.
Kjekke og snille gutar, godt samhold i gruppa.

Gledar oss til Faaberg cup til sommaren!



Ei helsing frå Jenter 2012:

Me starta opp sesongen med 17 spelarar men når kampane starta så var det ei jente som slutta, i løpet av sesongen vart me til 15 da ei flytta om sommaren. I dag er me 16 stk da ho som slutta i fjor er med igjen.

Det vart meldt på eit lag i serien, jentene blei delt inn i «to» lag og så vart det veksla på med innbyttrarar fra det andre laget. Dette fungerte greit med tanke på at det alltid var noko frafall så jentene fekk bra med matching. Jentene trente ein gang i veka.

I vårsesongen var me i serie med Syril, Vik, ÅT, Lærdal og Sogndal 1 og 2. På haustsesongen vart dei to Sogndalslaga til eit lag ellers så møtte med ei samme laga som på våren. Jentene hadde ein kjempeinnsats heile året og i sum så trur eg dei vann kanskje litt fleire kampar enn dei tapte.

Trenarane gjennom sesongen var Øyvind Steinsland, Linn Kristiansen og Stian Luggenes. Eg vart med Øyvind som hjelpetreinar på bortekampane til det eine laget i forhold til skiftarbeid på Linn og Øyvind.

Jentene starta opp igjen med treningar i desember og har vore med på to futsalturneringar, i Lærdal og her heime for nokre helgar sidan. Det er 16 som står som aktive no men det har vel vore ein stamme på rundt 13-14 på treningane no i januar.

Even Andre Øren, oppmann



Ei helsing frå J-2014:

Jenter født 2014 er ein svært ivrig og treningsglad gjeng. Dei har vore med på alle konglerike turneringane i 2022, og har vunne mange kampar. Fyste gong med 5 ar forball, og dette har dei mestra godt.

Dei har eit svært dyktig trenarteam, med Johan Traustason som hovedtrener. Blir spennande å følgja jentene vidare.



Ei helsing frå J-2016:

Jenter 2016 hadde sin første fotballeseong som knøtter i 2022. Dei starta opp i slutten av april, og hadde berre hatt nokre få treningar før dei var med på den første av fire knøttetturneringar 8.mai. Det har vore god oppslutning på trening og turnering, og alt i alt ein fin første sesong for jentene.





Kretstiltak:

Jotun hevdar seg i kretsen og har kvart år mange som vert uttekne på utviklingstiltak:

Landslagsuttak G16

Julian Lægreid (melde overgang til ÅFK i 2022)

Sogndal Nasjonal 16:

Oskar Grenager 2006

Julian Lægreid 2007

Tomas Hellebø 2007

Kretslag 2007

Julian Lægreid

Tomas Hellebø

Sonelag 2010:

Tim Hunderi

Jean Thune

Emrik Lindborg

Jenter

Team Sogn og Fjordane

Ella Berge Hestetun 2008

Kretslag 2008:

Ella Hestetun

Bertine Hellebø

Sara Øy Laberg

Sonelag 2009:

Leona Undi

Hannah Olsen Hestetun

Sonelag 2010:

Alida H. Kilen

Eva Midtun Agledal

Linnea Gudvangen Sperle

Sofie Lindborg

June Bergerud

Mina Ø. Smedegård

Ansvarleg for landslagsskolen i Jotun er Tom Hellebø, som gjer ei svært god jobb for oss.



10.4 Organisasjon

Det er eit stort behov for fleire hjelpande hender i fotballgruppa, i og utanfor styret. Dette arbeidet har høg prioritet framover.

Dei fleste i styret i Jotun har fullt opp å gjera med 100 % jobb og familie utanom Jotun fotball. I tillegg er fleire av oss djupt inni fleire verv. Me håpar difor at me får fleire med og kan løfte denne viktige oppgåva som Jotun fotball er inn i 2023.

I 2022 har me brukt mykje pengar på å utdanne fleire buss sjåførar. Jotun fotball er utnemnt til trafikksikker klubb og mange av dei tidlegare utdanna sjåførane er ikkje like aktive lenger. Fotballgruppa i lag med handball, turn og hovudlaget bestemte seg da for å gjera ein innsats her.

I skrivande stund har Jotun utdanna 7 sjåførar.

Takk til Stig Laberg Øvstetun som oppretta kontakt med Vestland trafikkopplering og fekk til eit godt opplegg saman med dei. Saman med Stig har Gunnar Huse, Arnt Stølen Moen og Ruth Laberg delteke som «bussgruppe».

10.5 Anlegg

Fotballgruppa ser fram mot at rehabilitering av Jotun stadion kjem i gang. Spelflatene i Årdal er altfor få, noko som fører til mindre aktivitet enn det vi ynskjer. Ein stadion som ligg ubrukt 7-8 mnd i året har ingen nytte av. Eit så flott anlegg bør nyttast og kva er vel kjekkare enn å sjå eit yrande liv med barn og ungdom der kvar einaste dag. Dei gode mellomdistanseløpareane og sprintarane i friidrettsgruppa fortener også at det går fortgang i rehabilitering av nytt løpedekke.

I kommunestyret i desember 2021 vart det gjort ei omprioritering, der det vart vedteke at Cuba skal få nytt kunstgras før ein tek Jotun stadion. No er me ferdige med 2022 og me er like langt. Ingen ting har skjedd med nokon av banene.



Klubbhuset til Jotun:

Årsmøtet har gitt løyve ti å bygge takoverbygg over bussane våre og i tillegg ein stor bod i bakkant der Jotun fotball får plass til 3x3 banene. Me håpar at dette arbeidet kan starte snart og at me kan søke spelemidlar på dette prosjektet i 2024.

Bassengkiosken:

I vår -/ sommar har me teke ei naudsynt oppussing av kiosken. Det har vorte skifta kjøkken og me ha malt veggane og lagt nytt golv. Alt gjort på dugnad.

Tusen takk til Magne Øvstetun, Harald Luggenes, Ola Buhaug og Nils Eirik Moen for ein einestående jobb.

Svalheim:

Dei yngste spelarane har trena på Svalheim. Etter initiativ av Johan Traustasson flytte me fram to 3x3 baner og sette dei opp på graset der framme til stor glede for dei som trena og for ungane som bur i byggefeltet i nærleik til bana.

Johan og Preben Gilleshammer har gjort ein kjempejobb for å tilrettelegge og har på dugnad slått graset rundt banene.

Tusen takk for jobben de gjer.

11. Avslutning

Takk!

Takk til alle foreldra som stiller opp på dugnad for fotballgruppa! Dette er ein innsats me er heilt avhengige av. Trenarar, lagleiarar, oppmenn, kampvertar, kioskvaktar, sjåførar, kakebakarar og andre nyttar tusenvis av dugnadstimar for at klubben skal kunne tilby ein brei aktivitet til born og unge.

Takk til Anne Gunn som har laga dugnadslister til futsal og bassengkiosken og Anita Laberg Øvstetun for innkjøp og sjauing i kiosken.

Takk til Sivert Mannsverk for inspirasjon og for at du gav tilbake til barndomsklubben din. Sivert fekk prisen for beste spelar i seriefinalen Lillestrøm- Molde. Tradisjon tru gir spelarane denne prisen vidare til eit formål. Og Sivert gav den vidare til barndomsklubben sin. Tusen takk !!

Du er ein fantastisk gut som me unner alt godt !





Tusen takk til hovudsponsorane Årdal Kraftlag, Sparebanken Sogn og Fjordane og Årdalsnett for at dei har støtta oss gjennom åra med pandemi og dette året som me endeleg har fått starta med aktivitet att.

Takk til Årdal Kjemiske fagforening for støtte til aldersbestemt fotball kvart einaste år. Tusen takk til Samhold som har sponsa ungdomsavslutninga, senioravslutning og jubileumsbok kvelden på Samhold!

Tusen takk også til alle andre sponsorar som alltid er positive når me kjem og ber om gåver til basarar og loddsal.

Ei spesiell takk til Anders Grøndal på Bunnpris om alltid er imøtekomande og positiv når fotballen ber om noko. Me kjem sjølvsagt ikkje utanom seniorgruppa som aldri seier nei når me ber om noko. Tusen takk til dykk !

Fotballgruppa ynskjer også å minnast Sigmund Øren, som gjekk vekk i 2022. Ein av dei beste og ein av dei mest trufaste Jotunspelarane gjennom tidene. Kvil i fred Sigmund!

Sluttord:

Frivillighet:

Er frivilligheita vår i fare for å dø ut ? Nei, me trur ikkje det! Jotun fotball opplever ikkje mykje fråfall når dugnadslister, bakelister og anna vert sett opp rundt arrangement.

Foreldra i Jotun fotball stiller opp !

Men me ynskjer at enno fleire skal rekke opp handa uoppfordra utan å bli spurt. Me treng deg i styre og utval, me treng deg til smått og stort rundt ungane-/ungdomane våre.

Melder du deg frivillig, kan du bli med å påverka korleis me skal ha det i Jotun fotball.

Trenarar, støtteapparat:

Kva skulle me gjort utan trenarane våre? Nokon har vore med sidan ungane deira starta med barnefotball. Dei brukar utallige timar på feltet kvar einaste veke i tillegg til å reise på kampar. De gjer ein kjempejobb og fortener alle dei klappa på skuldra de kan få. Får å få til eit enno betre samarbeid er det viktig at trenarane stiller på dei trenarforuma som vert arrangert. Dessverre har me ikkje fått arrangert så mange me ynskjer siste åra pga pandemien.

Dommarar:

Ingen dommar, ingen kamp. Me er stolte i Jotun fotball for den gode dommargruppa me har. Me er heldige som har ein dommarkoordinator i klubben som styrer heile dommarapparatet. Takk Davy !

Frå styret:

Til slutt ynskjer me å oppmoda om at me i 2023 vert flinkare til å rose kvarandre. Til å sjå den jobben som kvar enkelt i fotballen gjer for å leggja til rette og gjennomføre for ungane og ungdomane våre.

Me opplever ein «utolmodigheit». Etter at sosiale media kom inn for fullt i idretten,



opplever me ei forventning om at all info skal publiserast. Ikkje alle styremedlemar, trenarar , støtteapparat er like aktive på sosiale media. Kvifor ikkje ta ein tur på treninga til borna, snakk med trenarar, støtteapparat istaden for å la kommunikasjonen skje på sosiale media.

Ta gjerne ein telefon til oss i styret, eller sportsleg utval.

Me vil ha diskusjonar, me vil ha konstruktive tilbakemeldingar. Slik kan me alle bli med å utvikle fotballen i Jotun.

No skal me inn i 2023 – noko som betyr at me skal feire oss sjølve. Me er 100 år – dei sprekaste hundreåringane som finst.

No startar jobben med å utvikle Jotun fotball dei neste 100 åra !

Me ynskjer alle ein god fotballsesong i 2023!

-Styret-

Henrik Rønningen (leiar)

Rune Bolstad (lagskontakt born)

Ivar Otto Øren (Fair Play ansv.)

Marianne Hestetun (turnering ansv.)

Ruth Laberg (nestleiar)

Tobias Furebotn(ungdomskontakt)

Merete Øren(lagskontakt ungdom)

Stine Sørli (arrangementsansvarlig)